

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lemsedal

Emne: Helving, fakke og alferd.

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899).

Gard:

(adresse): Kammerstadel. 12 B^{II}, Oslo

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Kroppsrørster som uttrykk for "ja" og "nei" minnest eg ikkje stort til frå min oppvekst. Eg er ikkje det var så sers mykje av det. Det er vist meir i bruk no med det vanlege: riste på hovudet som teikn for "nei" og nikke for "ja". Men eg ser nok desse åbendene var kjende for i tida og. — Nokre andre uttrykk-rørster var i bruk ved visse høve: kytte mot kvarandre med knyttneven som teikn for harm, sinne, hemntankar, geipe til kvarandre som teikn for stor vanvyrdenad, slå seg på bakenden like eins som uttrykk for misnasking, slå i bordet som teikn for harme og ettertrykk. Kugsar eller at me berne vitta til kvarandre som teikn for at me ville få lov i kvarandre (til lek). Eit anna "tøk" var å blåse på kniv (knivspegge), det skulle seija stikk i den andre ("Kom, skal eg gjelde deg!"). Handslag vart mykje ved avgjender: den som kom med tilbødet (f. d. ved krøterhandel) sette flate handa fram, og dersom hin "slo til" (med flat hand), var avtale gjord.

2-4. Når folk råkast, f. d. voffte kvarandre

kvarandre eller vegur, var det fast skikk at ein stana og prata nokre ord. („Forsø, du ska nodd. over?“ „Ja, o du ska søt?“ „Ja, e ska so.“ „Det er fint ver me ha om dagen“ ... o.s.v.).

Var det folk ein meir gjeldan sig, helsa ein „Gudag o takk for sist“ og handtokst kauskje og. Det var ikkje skikk i ha av seg leuva.

5-6. Fjeldre til - smir dei - tok dei leuva av seg og sto berrhovda når prestur høyrde eller gjekk forbi. Sidan vart det berre å lyfte på hatten eller leuva.

7-8. Når skyldfolk gjesta kvarandre, helsk dei meir høgtidelig, gjerne med handhelning, serleg dersom dei budde langt frå kvarandre og sjeldan sig kvarandre. Om dei og helsk på småbarna like høgtidelig, kan eg ikkje minnast. (Flapsar at eg ein gong som ganske liten gjekk eit drend til ~~min~~ mors heim. Då eg var komen og inn, hadde late att døra og gjekk bortover golvet til benken for å serja meg, gjorde eg som dei voksne brukte gjere: helsa høgtidsamt med arda: „Gudag o takk for sist.“ Men eg tok dei ikkje i handa. Handhelning vart nemleg ikkje nytta anna enn i svært høgtidelige høve).

9. Å klappe kvarandre på skulda trur eg ikkje var i bruk, iallfall ikkje som nokon fast skikk.

10. Det er som eg minnast at folk lulla på hatten når dei var på veg til kyrkje og fekk høyre kyrkjeklokkene.

11. Nokon serleg skikk veel møte med biskop eller brerfird kan eg ikkje minnast.

12. Heller ikkje at dei helsk på dyr eller hing eller.

13-16. Ein helga „gudag“ for det mest og „gukveld“ om kvelden. Tilsoaret var det same („gudag“, „gukveld“). - Da me kom på skulen, vart me fypesagde at me skulle seia „morn“ til læraren. Det vart ikkje mytla elles. (Ordet hadde forresten fått forma : „mån“).

17-18. „Sigue arbeidet“ o. l. kan eg ikkje minnast vart brukt. Men for det kan det sakt ha vore mytla i eldre tid.

19-20. Oppatt-taking av helsinga inne („gudag inne med“) har eg ikkje høyrst. Men hadde ein helga på verken ute, helga ein på dei andre inne på vanleg vis. - Ville ein prate med nokon på trommannshand, var det vanleg at ein bad vedkomande fylgje seg ut på dørhella (med same ein gjikk aft).

21-22. Det var ikkje skikk å banke på døra. Ein gjikk inn utan vidare. Men derimot kunne det hende - særlig ved mein kvar-dagslegj arend og på sommarstida, eller og når det var ungdomen som ville råkast - at ein gav seg til ute på hant til ein eller annan kom ut.

23-29. Det var ikkje mett nokon fast skikk at den som kom, vart ståande nedmed døra. Som jammast gjikk han vad og sette seg. Men det kunne og hende at han liksom gav seg litt til, og at folk i huset sa: „Du får gjå at du får sita!“ (Om dette var livning av ein eldre skikk, tør eg ikkje seia). Boren som gjikk arend, vart gjerne ståande nedmed døra medan dei bar fram arendet sitt. Ved svararend - og elles og - sat dei gjerne med

leva på. Å ha av seg leva lykkelig vera ein nyare skikk. - Å stja fram stot til den som kom, var nokso vanleg. Like eins at ein då tok eit turkaplogg og turka av seg. I det heile var det sed at heiset skulle vere fjelga og velshilt til det kom framande. Kom det uventa framande, sopa ein gjerne galvet eller at den fremande var komen. I eldre tid då det skundom fannst jerdgalv (det fannst endå jerdgalv i somme skrubber i min barndom), stroydde dei einerkvist (einerkupp) på galvet.

30 - 38. Ved kvardagslege vitjingar bad ein ikkje velleva, men som regel utan nokon avskilshelsing. (T. d. med orde: "Hei, e lyf nokk spå ned att, e!" eller: "ord att, så att, upp att, heimatt"). Eller så ein gjerne: "De må leva so vel!" "Ja, du det same!" "Ja du som att var. (Detli heitte o: "be velleva").

Ved mein høgtidelige tilfalle (for lengre tid eller alltid) tok dei og kvarandre: hands nær dei bad velleva. (Og dei kunne det gjerne vera at ein ordla seg t. d. soleis: "De æ no ikkje vist me ser korare oflare!" e. likn.). - Kyssing var ikkje i bruk mellom vaksne iallfall. Men det kunne hende at dei vaksne kysste borna (på heimst) eller bad om ei "skryte" d. v. s. kyss (av: "skrut" m. munn).

39-41. Å "byte" nase var kjent i min barndom, men eg fekk helst tokke av at det høyrde med til dei småkupp som ein greip til for å moroa borna. Det same

5015

var tilfelle med a° "la" nesen ("No lek eg nesen din!"). Ein tok nesen til barnet mellom peike- og langfingeren og gjorde det på som ville ein klypa nesen av. Så let ein tommeltoflu syne seg mellom same fingrane: "Sjå, her nesen din!" Etter på sette ein nesen på att. (Ein annan slik lek var a° la same to fingrane koma reikande oppetter barnet: "Utr kjem det ein gamal mann, høppan, springan - og ~~der~~ so sling han gjemla der!").

42-43. Å gje eller få ein "kjakji" (kjøke med kjøke) var kjent. Det var helst mellom born og vaksne delle vart nytta som kjærtekn (foreldre og born og vistnok mellom borna og andre vaksne og). Men noko ners vanleg var det ikkje. - Eg trur og at "kjakji" var det mest vanlege kjærtekn mellom to som var glade i kvarandre (og ikkje kysset). Men det var ikkje ord at slikt skulle skjje i syningom. I det heile var det vanleg sid oppe i fjellbygdene at ein så langt råd var skulle lata vera å gje nyleg uttrykk for kjenslene sine.

44-46. Gratulasjon og kondolans var lite i bruk. Ein kjende og nytta uttrykket "til lykke" med det eller det (med den verste, med dagen o. s. v.). Elles vart med kjensle uttrykt ved samtale utan nermare fikserende vendingar. (Lukkerystet "til lykke og salighet", som eg har høyrd i Oslo og på Sørlandet, høyrde eg aldri heime. Det lyder i si fullstendigare form: "Mått det bli lykke på jorden og salighet i himlen" og har

7492

ventelig opphømt sitt i fyrst spørsmålet i Pontoppidans "Sandhed til Gudfrygtighed": "Kjære Barn, vil du ikke gjerne blive lykkelig på Jorden og salig i Himmelen?"

47-48. Takkevendingane var: "Takk", "Mang takk", "Takk skal du ha!", "Takk for mat o kaffi", "Takk for moten", "Takk for i dag", "Takk for samveret", "Takk for denne gongji", "Takk for skiftet" o. s. v. - Takking på vegner av den avlidne kan og ikkje minnast noko sers til.

49. Som ovanfor nemnt vart vanvyrdund uttrykt ved slike fakter som å gripe til kvarandre og klappe seg på baken.

50-51. Det vanlige var å seia du til kvem som helst. - Men ein eldre skikk med å seia "han" til ein framand og ukjend la eg merke til i mein barndom. ("Kor er han ifrø?" "Han får gjø te han får sita!") - Like eins har eg merke tidu til ein eldre skikk med å seia "De" til sine nærmaste (eller kanskje berre til far og mor). J. d. at dottera ropar til far sin som står og står: "No får 'e koma innatt o eta!" Om dette har vore vanlyg skikk i eldre tid, er det eit spørsmål om han ikkje har samband med den sed at ein skulle dylja gjæstene sine og helst kala "nedsljænde" (med mæte gjæst) om seg og sitt og sine eiges. Difor greip ein til det mein upersonlige "de" i staden for det mein kjærhelige "du".

2-1-53.

Ole Rudvin